

PROSEDYRE FOR KUNDEBESØK I SAMBAND MED COVID-19 PANDEMI

Norske myndigheiter gir råd og retningsliner i samband med Korona-virusutbrotet. Alt personell i Finnås Kraftlag SA skal på generelt grunnlag følge desse råda. Finnås Kraftlag har ansvar for kritisk infrastruktur og har innført fleire tiltak for å sikre drifta.

For å minska faren for smittespreiing for eige personell og kundane våre, har me innført prosedyre for kundebesøk. Dette gjeld der våre tilsette må inn i bygg for montasje, feilretting og tilsyn.

1. Prosedyre gjeld frå 02.10.2020 og inntil vidare.
2. Kvant enkelt kundebesøk skal gjennomførast etter denne prosedyre.
3. Kunde skal informerast om denne prosedyre tidleg i prosessen og etterleva dei krav som vert stilt til oppdraget.
4. Alle montørar skal ha tilgang til antibac eller tilsvarande reingjeringsmiddel i bilen.
5. Før og etter kundebesøk skal ein alltid desinfisere/vaske hendene grundig. Eingongshanskar kan og brukast om nødvendig.
6. Nødvendig verktøy som er nytta i private heimar blir reingjort/desinfisert etter bruk.

DETTE MÅ AVKLARAST FØR KUNDEBESØK:

ALLE PUNKT MÅ BESVARAST FØR OPPDRAG KAN UTFØRAST

	JA	NEI
• Aksepterer kunden besøk?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
• Er det personar i isolasjon eller karantene i husstanden?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
• Har personar influensaliknande symptom eller er sjuke?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
• Har hustandsmedlem vore i raud sone dei siste 10 dagane? (Både inn og utland)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
• Montør skal ha minimum 2 meter avstand til personar innandørs. Kan ein etterleve dette?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Om vilkåra i prosedyren kan oppfyllest og ansvarleg kunde kan stadfeste alle **grøne** felt, vert oppdraget rekna som forsvarleg å gjennomføre.

Montør kan sjølv avgjere å avbryte oppdraget dersom det er mistanke om at intensjonen med prosedyre ikkje er tilfredsstilt og påstandane ovanfor kan vera feil.